



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1528 - 17/12467

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
19.06.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNFR - og frå krav om områderegulering for frådelling av to parsellar på Flatøy, gbnr 1/12.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Hilda Austegard v/Advokatfirma Høgseth DA om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNFR og frå krav om regulering – , jf plan- og bygningslova § 19- 2 , for frådelling av to bebygde parsellar på Flatøy, gbnr 1/12.

### Planstatus:

Gbnr 1/12 er ein landbrukseigedom på 95 436 m<sup>2</sup>. Eigedomen har i kommuneplanen sin arealdel status som LNFR.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Advokatfirma Høgseth DA v/advokat Andreas Nylund søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av to parsellar med påståande våningshus, Flatøyvegen 134 og Flatøyvegen 154, sjå vedlegg.

For grunngeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga for uttale før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om deling - dispensasjon  
kart

GBNR 1/12 Flatøy Søknad om frådeling av 2 tomter frå hovedbruket

1-12 1\_1000

1-12 1\_3000

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Høgseth DA	Litleåsvegen 41	5132	NYBORG
---------------------------	-----------------	------	--------

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og	5020	BERGEN
--------------------------	--------------	------	--------

Hordaland Fylkeskommune	samfunnsplanavd. Regionalavd.	5020	BERGEN
-------------------------	----------------------------------	------	--------